


# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 10 Desember 1981 31. årgang


## JESUS LED OSS

*Jesus led oss du vår hyrde*
*Himmelfyrste, sann Guds sønn.*
*Frels oss fra vår syndebyrde,*
*Hjelp oss frem til engen grønn.*
*Led oss du til hvilens vanne.*
*Alle fattige på jord*
*da skal høre, se og sanne*
*frelsen får vi ved ditt ord.*

*Du kom ned fra himlens rike*
*oss til Frelse, fred og trøst.*
*Frelse, fred og trøst.*
*Ingen annen er din like.*
*Bare du har Hyrderøst.*
*Hvert et lam du visst skal finne,*
*bære det på sterke arm.*
*...kke det i Himlen inne,*
*la det hvile ved din barm.*

*Går du Herre med på vegen*
*fryktes ikke dødens dal.*
*Den du kaller for din egen*
*trygg skal arve himlens sal.*
*Du med kjeppen din og staven*
*vokter oss mot vannmakt stor*
*lar oss bo i himmelhaven,*
*evig — etter Herrens ord.*

Etter en Tsjekkisk salme skreve over Davids 13. salme.

Omsett av Mojmir Pagac. Skreve i rim av K.R.

# I opphavet skapte Gud

Første orda i Bibelen fortel oss kva tid Gud skapte Himmelen og jorda. Gjenem tidene har det vore og er framleis dei som har visse vansker med at det står i vår Bibel om skapinga, og hevdar dei, finn vi sikre bevis for at det som står i Bibelen er feil. For det første må vi vere klar over at i Bibelen er nytta to slag tidsrekningar. Den eine tidsrekninga er den som vi menneske nyttar. Den andre tidsrekninga er den som Gud sjøl nyttar. Den tidsrekninga Gud nyttar er heilt anleis en den vi nyttar. I Peters brev får vi den opplysning. Når Gud i si tidsrekning taler om ein dag så kan vere tusen år i vår tidsrekning, og omvendt, ein periode i vår tidsrekning på tusen år kan i Guds tidsrekning vere ein dag. Når det gjeld kva tid Gud skapte, så er det kort og enkelt fortalt oss at det var i opphavet. Kor mange millioner år som har rulla ut sia den tid veit vi ikkje. Truleg er det så at vi her på jorda ikkje har evne til å trenge inn idette som av Gud er kalla opphavet. Når Gud ikkje har gjort nærare greie for dette så er det fordi at det er noko som ikkje vi treng å få vete noko meir om. Gjenem tidene har vitskapsmenn stått fram og fortalt oss at dei har funne fram til skapingsprosessen av jorda og det som er på den. Når vi høyrer dette så må vi kome i hug at det var ikkje vitskapsmenn tilstades da Gud skapte jorda og himmelen. Nei da hadde ikkje Gud slike hjelpingsmenn. Det har ikkje funnest og vil heller aldri finnast vitskapsmenn som kan fortelle oss kva tid opphavet var og kva som då gjekk føre seg. Berre ei bok, Bibelen kan gje opplysningar om det. I tillegg til det les vi om skapinga, og vi får vete at Guds Ånd var der då og sveiv over vatna. Johannes fekk sjå inn i dette så mykje at han kan fortelle oss det vi les i Johs. 1, 1-3: opphavet var Ordet og Ordet var hjå Gud og Ordet var Gud. Han var i opphavet hjå Gud. Alle ting vart til ved han.

Jesus var med på skapinga i opphavet. Seinare kom han til jorda som frelsar. For opp til Himlen og er nå ved Guds høgre hand og bed for den einskilde slik vi les om det i Hebr. 7,25. Han sa før han for til Himeln at han ville kome attende til jorda og da overføre til Himlen alle dei som har teke mot han som frelsar.

*Ludvik Aasen*

## SLEKTERS GANG



**DØPTE**

ORKLAND:
06.09 Oddlaug Hoston
11.10 Annlaug Aasen
15.11 Åshild Stolsmo Viken
15.11 Erik Opøyen Gaustad
15.11 Lene Selbekk

ORKDAL:
11.10 Kjetil Rogogjerd Øien (d. i Kolstad)
18.10 Tore Skaugen
18.10 Linda Almli
18.10 Mari Klingen (døpt i Ørland k).
01.11 Rune Vatn
01.11 Kristin Gangås
25.10 Anne Synnøve Monsen (døpt i Kråkerøy kirke).
22.11 Lennart Andre Berg
22.11 Tony Rene Frantzvåg
29.11 Elisabet Heggem

ORKANGER:
27.09 Linda Eirin Meistad (d. i Børsa).
11.10 Anders Sandbu
06.09 Arnfinn Hegglund
22,11 Lise Øklend

GEITASTRAND:
15.11 Edmund Landrø
15.11 Fride Kvernmo



**VIGDE**

ORKLAND:
31.10 Oddbjørn Tallerås og Gunvor Elise Stene.
31.10 Stein Tormod Havik og Turid Dahlen.

ORKDAL:
28.10 Ingvald Levin Reiertsen og Vebjørg Leland (Vigd hos sorenskriveren i Orkdal).
24.10 Tore Hegvik og Agnes Granøyen Rogstad

ORKANGER:
19.09 Ola Meistad og Tone Eirin Lynum (v. i Børsa).



**DØDE**

ORKLAND:
03.11 John A. Lium f. 1895
10.11 Borghild Tverdal f. 1922.

ORKDAL:
04.10 Reidar Sundli f. 1914
11.10 Berit Ekli f. 1906
29.10 Hans Lynum f. 1926
04.11 Olav Metli f. 1910
06.11 Sivert R. Gjønnes f. 1912
11.11 Ole A. Morken f. 1907

ORKANGER:
30.09 Kjell Nordvoll f. 1928
16.10 Peder Karlsen f. 1908
17.10 Christian Arvid Meland f. 1913
24.10 Olaf Husdal f. 1923
05.11 Andreas Joramo f. 1909

GEITASTRAND:
13.10 Knut Klungervik f. 1897
18.10 Karen H. Sletvold f. 1902
11.11 Martin Ingvar Meland f. 1907
14.11 Knut Aasen f. 1898

**BLOMSTERNAVN–LØSNING:**
1. Hestehov, 2. Kattefot, 3. Løvetann, 4. Geiteskjegg, 5. Ormehode, 6. Revebjelle, 7. Lintorskemunn, 8. Hundekjeks, 9. Muserumpe, 10. Svaleurt.

## PRESTEKJOLEN

Som de fleste vel vil vite, er det nå et tidsskifte når det gjelder våre presteklær. En ny hvit prestekjole er påbudt for alle teologiske kandidater som blir ordinerte. Tidligere prester har lov til å fortsette med sine sorte prestekjoler.

I den anledning kan det være interessant å lese hva Dag Giverholt skriver om den gamle prestekjole.

VÅRE PRESTEKLÆR – DERES HISTORIE OG SYMBOLIKK.

AT DEN NORSKE PRESTEKJOLEN opprinnelig ikke har hatt noe med kirkelig lære å gjøre, er underlig for oss i dag, der den henger i sakristiet. Heller ikke pipekraven har hørt til prestens utstyr. De reelle presteklær bare messeskjorten og messehagelen. Ser man historisk på det skal altså ikke prestekjolen og kraven regnes med til det geistlige utstyr (paramentene) i det hele tatt.

Både de kirkelige klær som sådanne og deres bruk er blitt sterkt forandret fra tid til annen. De regler som gjelder i Danmarks og Norges kirkeritual av 1685 følges ikke mere.

ETTERSOM PRESTE– KJOLEN ELLER DEN sorte samarien nu er blitt et kirkelig plagg, og kalles ornatet så skal jeg først behandle den.

OM DENS OPPRINNELSE RÅDER det i dag helt uriktige opplysninger. Den alminnelige oppfatning at den har noe med augustinermunkens drakt å gjøre er neppe historisk, m... skyldes at man har sett Luther avbildet med den såkalte Vingekjortel som vår prestekjole er en videre utforming av. Luther var som kjent først augustinermunk. Sikkert er det ihvertfall at samarien med vinger, pipekrave og hvite armlinninger (fransk: poignetter, ikke bijetter!) ikke har vært noen liturgisk drakt men i sin opprinnelige form en kledning som de lærde i renessansetiden vanligvis brukte. Det var en borgelig drakt som særlig ble brukt av studerende, litterære personer og lærde, herunder prester. Fra først av var drakten åpen foran og ikke lang som nå. Og vingene som nå er festet kunstig på kjolen var opprinnelig bare de to brettede slag foran. Opprinnelsen til

forts. side 13



**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**
Redaktør:
**Kaare Rogstad**

Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**
Postgironummer 3 26 87 29.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

# Jul - nyttår

At jul og nyttår følger hverandre, er en årviss påminning om Guds store gave til mennesker. En frelser er født, Jesus Kristus. Han kan hjelpe og berge og gjøre alt nytt. »Det gamle er borte», skriver Pulus til menigheten i Korint, »se, det nye er blitt til». Det er det onde ved det gamle som er borte, sonet ved Jesu død. Det gode får vi med oss inn i det nye året.

Derfor har vi all grunn til å være glade. Størst grunn har de som vet hva nederlag er, som kjenner sin egen avmakt, som er kjent med sorgen, som gruer for det som ligger foran.

Frykt ikke!» lød det fra himmelen julenatt til hyrdene på marken, og til alle verdens mennesker. »Jeg kommer til dere med bud om en stor glede, en glede for hele folket».

**Julen er kommet**
**med solhverv for hjertene bange.**
**Jul med Gudsbarnet**
**i svøp under englenes sange.**
**Kommer fra Gud,**
**bringer oss glederikt bud.**
**Æren er Guds i det høye.**

**Gledelig jul til små og store! Og Guds fred og signing over det nye år!**

**Hilsen**
**Kristen Kyrre Bremer**

# KYRKJESKIKKER I ELDRE TID

Ein snakkar i dag om »Dei gode gamle dagane» som om alt var vel og bra på alle måtar, alt var ikkje berre vel og bra i de dagane heller. Mange skikkar var mindre bra, men vyrdnad for Guds ord hadde dei aller fleste då. Å spotta Guds ord og dei heilage var rekna for grovt brot, og den som det gjorde fekk ringt rykte på seg. Den som »gleivra» (spotta) med Gudsordet vart rekna for ei vyrdlause, som gjekk korkje til »kross eller kyrkje».

Dei gamle fylgde godt med, og det var ein vyrdeleg skikk å vita kva søndag det var i kyrkjeåret. Dei visste til kvar tid tekst presten skulle preika over. Preiketeksten var som oftast gjennomgått heime. I kyrkja måtte den sømelege skikk og sed fylgjast nøye. Om det berre var trongen til å høyre Guds ord som gjorde folket til flittige kyrkjegjengarar kan no gjerne diskuterast. I gamle skrifter er det understreka at kyrkjegongen hekk mykje saman med gamal skikk og at ein skulle sleppa få u-ord på seg, og u-ord måtte ein sky som pesten! Ein måtte skikka seg slik at ein vart akta og velvyrd.

Ved kyrkja var det høve til å spørja nytt frå andre kantar av bygdi og det vart kalla for kyrkjenytt. Det var som oftast godt samtaleemne for resten av vika. Men elles vart ein kyrkjesøndag nytta til å få utført viktige »forretningar». Og av slike gjekk det føre seg så mange slag på kyrkjebakken. Der vart kravd inn skuld, eller betalt skuld, der vart det fest tenarar, eller onnor leigehjelp. Der kom og handel i stand, som t.d. sal eller byte av hestar. Og unggutane kika seg gjerne etter høveleg koneemne på kyrkjebakken.

Etter gudstenesta var slutt var det vanleg at lensmannen steig opp på ein såkalla »lensmannsstein» og kunngjorde ymse møte eller tilskipingar, tvangsauksjonar, hittegods m.m. Dette la tilhøyrarane seg godt på minne, for då dei kom heimatt frå kyrkja måtte dei som var heime få nøye greie på kva som var sagt på kyrkjebakken.

Til kyrkjebruk vart dei beste kledi henta fram, ein skulle ikkje bera kvardagen med seg til Guds hus. Det var vanleg at det hekk ein besteklednad til kyrkjebruk på loft eller i bu, for både kvinna og mann. Dei som hadde lang kyrkjeveg, hadde nista med seg. Dersom dei hadde kjenningar eller skyldfolk som budde nær kyrkja tok dei gjerne inn der for å eta nista si før preika tok til. Kyrkjefolket hadde gjerne med eitkvart til dei som dei tok inn hjå, det kunne vera eit mjølke- eller rjomespann, smør eller kjøt. Ein måtte stella seg slik at ein var velkomen att ein annan gong!

Skikken var slik at ein skulle ikkje gå inn i kyrkja før det var samringt, og mennene måtte lyfte på hatten når ringjingi tok til. I kyrkja hadde gjerne kvar gard sin faste stol, men fleire bruk sokna til same stolen, og det vart kalla stolagrannar. Kvinnene sat på nordsida og mennene på sørsida.

Då kyrkjefolket kom inn i

forts. side 4

kyrkja, heldt kvar si stille bøn. Mennene heldt hatten for andletet, og det vart kalla for å »bed i hatten». Kvinnene bøygde hovudet og nesta hendene til stille bøn. Etter at dei var komne til setes i stolane, handhelsa dei på dei som sat nærast ved. Når gudstenesta tok til, måtte det vera heilt stillt i kyrkja. Ingen måtte forlata plassane sine, det vart rekna for skam.

Altargongen tok dei gamle svært alvorleg. Det var skikk å gå fastande til alters, og det kan tyda på at dei såg på altargangen som særskild vorsamt. Kvelden før dei gjekk til altars, vaska dei seg godt og bytte klede, og åt eit godt måltid mat. Om morgonen smaka dei ikkje mat før dei gjekk til kyrkja, dersom dei skulle gå til altars, men dei las eit Gudsord før dei for heimanfrå. I kyrkja las dei stillt i salmeboki, før altargongen. Når dei kom ut fra kyrkja etter altargongen, vart dei helsa med: »Til lukke og sæla!»

Det var barnedåp ved mest kvar gudstenesta, men då den tok til, strøymde storparten av kyrkjelyden ut for å fretta nytt på kyrkjebakken. Dåpsborni vart og kalla skirsleborn, som tyder å gjera rein. I eldre tid brukte dei oftast å jorda dei avlidne på søndager etter preiki.

Til slutt kan det vera interessant å ta med korleis ein amerikansk, verdskjend samfunnsforskar opplevde ein kyrkjesøndag i ei bygd i 1856.

Dette er skildringa hans henta frå »The Norskfolk». »Det er ein uvanleg fin sommardag, og heile bygdi gjorde eit så venleg og tiltalande inntrykk av fred og venleik, at det kan aldri gløymast. Tidleg om morgonen byrja bøndene i bygdi med huslyden sin å samlast til gudsteneste. Somme kom ridande på små hestar oppe frå dalane, andre kom køyrande i kjerrer eller lette karjolar, og andre gjekk. Borte på vatnet kom båtar, og dei fargerike kleda spegla seg i raudt, kvitt og blått. I landsbyen krydde det snart med kraftige menn i blå huer, trøyer og bukser, og så kvinnene i den forunderlegaste nasjonalbunad.

Klokka 11.30 tok høgmessa til. Kvinnene som hadde sete i graset utanfor, gjekk inn og fann seg sete, dei unge gjentene på små benkjer attarst i kyrkja. Når dei hadde sett seg, bøygde både menn og kvinner hovudet i ei stille bøn, og så handhelsa dei på dei som sat nærast. Eg tok dette som eit teikn på den einfelde trui deira, først andakt, så helsing. Skipet fyltest snart av festleg kledde kvinner. Og det er sikkert, aldri har eg sett ein vakrare og meir blømande samling kvinneandlit. Den norske typen såg ein mest av, lett bøygd nase, klåre blå augo og ljost hår, panna ikkje svært høg, men fint forma. Alle hadde dette friske, naturlege og godmodige uttrykket. Mennene tok seg sete på galleriet, og mange måtte stå der då det var så fullt.

Heile kyrkjelyden var uvanleg oppmerksame og lydde andektig. Gudstenesta gav eit sterkt inntrykk av djup religiøsitet hjå folket. Då gudstenesta var slutt, spreidde kyrkjefolket seg i landsbyen. Dei fleste stod saman i småflokkar og spurde siste nytt, eller utretta ærend. Andre gjekk inn til vener og kjende».

Slik skildra amerikanaren, Charles L. Brace, ein kyrkjesøndag i Noreg, ein sommardag i midten av førre århundre.

*Ukens nytt 1978.*


Helårs-
trim

A. Todal's Eftf.

Tlf. 80 278
Orkanger.



**OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER**

**Gjør familieveggen komplett.**
**Vi hjelper Dem med dette.**

Fotograf Kvarsnes

**Plater og musikk-kassetter stort utvalg i gitarer.**

**Tlf. 80 356 Orkanger**



Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s
BARDSHAUG
Tlf. 80 395



Trelast og bygningsartikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265



Orkanger Gartneri
**Orkedalsvegen 10**
Inneh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.



Svorkmo Prenteverk A/S
**Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.**
**Telf. og post: 7330 Svorkmo.**




# 18. P. Asphjell fortel frå krigstida

## LANDKJENNING

Eg trur eg må ha sove mykje på turen, for eg minnes ikkje at me såg korkje land eller andre båtar. Først da det spurtes at me var på høgd med Færder, kom det liv i oss. Me segla inn Oslofjorden. Me var på heimetrakter. Vaktmannen vår tok oss med snaraste vegen til Akershus fengsel. Der skulle vi få kvittering for at han hadde levert oss, og da skulle me vera frie menn. Så vel var det ikkje. Det var kveld, og mannskapet som skulle ordne med klareringa var ikkje tilstades. Me måtte [illegible]tas inn.

Eg protersterte høgt og bestemt. Me hadde lita tid, og me skulle heim til jul. Eg minnte om at alle slag transportar gjekk seint for tida, og for to av oss som skulle over Dovre, var kvar time kostbar. Det var som å tala til ein mur. Dei ville ha oss innom lås og slå for natta. Eg ymta frampå om at me måtte avlusast, før me drog vidare, og det tok og si tid. Da tyskarane fekk høyra om lusa, vart det ein god del oppstyr. Hadde me lus, da ville dei nødig hyse oss. Det var nære på dei hadde skikka oss ut i byen likevel, men så fann dei ut at det let seg ikkje gjera. Men på selle ville dei ikkje ha oss. Me vart vist opp på ein sal i andre høgda. Det var elles den same salen me [illegible] samla på den morgonen me drog frå Akershus i mars. Dei våga ikkje å gje oss noko slag sengety for skuld lusa. Me måtte som vanleg bu oss ned på slette golvet i fulle klær. Me fann den lunaste kroken og kraup saman så godt me kunne. Eg tok av meg bekksaumskoene og la dei under hovudet, og så prøvde eg å finne somnen. Eg måtte tenkje på da eg som liten gutonge skulle vera med far og mor til byen for første gong: Eg la meg tidleg kvelden før og ville prøve somne så fort som mogleg, så natta skulle gå fort, fram til det store som skulle hende dagen etter.

Denne natta på Akershus såg ut til å skulle bli den verste på heile reisa. Me merka at me var komne til den norske vinteren no. Det fans sjølvsagt ikkje varme på rommet, og i den store salen gusta det kaldt frå veggene. Det hadde truleg ikkje vorte rart med somnen, hadde ikkje ein vaktmann forbarma seg over oss og slengt til oss eit par ullteppe da det lei på natta. Det var da likevel ei stor trøst å vite at me var i vårt eige land. Om morgonen gjekk det heldigvis fort og greit å få ordna med det som skulle til, og klokka halv ni stima me ut ut porten på Akershus. Me var frie menn. Me fekk oppgjeve ei adresse, der den Norske Nasjonalhjelpa heldt til. Dit skulle me gå først. Der fekk me ein durabel frukost med kakao og gilde smørbrød. Dei ordna og med biletter til oss som skulle vidare. Eg fekk betalt togbillett til Berkåk og femti kroner i kontantar, så eg kunne koma videre med buss. Det var tinga time åt oss på Oslo Desinfeksjonsanstalt, og der fekk både kropp og klede ein grundig flinad. Me vart verkeleg heilt fri avåtet. Eg var innom Telegrafstasjonen og sende ei helsing til kona mi: »Fri. Kjem i morgon. Alt vel».

Toget gjekk ikkje fort, og seinare gjekk det, dess lenger opp i Gudbrandsdalen me kom. Det var stort snøfall, og toget var tungt lasta. Det var to »dovregubbar» som drog, men dei var truleg fyrt med berre ved, for det spruta fælt med eldmørje somme tider. Det var trongt og varmt i kupeen, men det var fredleg og stillt, så eg dorma meg nokså umerkande gjenom natta. Da det lysna, var me langt oppe i dalane. Med dagslyset kom det straks meir liv i oss alle. Eg lika meg godt no. Toget rakla jamnt og trutt mot heimetraktene. Eg var millom vener. Dette var noko anna enn å reise gjennom Tyskland. Her i kupeen var det ingen uniformer å sjå, og atter slo det meg, kor oppkveikande det var å høre berre sitt eige morsmål. No kjende eg meg viss på at eg skulle koma heim til jul. Eg vart så glad og takksam mot vår Herre som på så mange vis hadde synt meg si hjelpande hand på denne vanskelege turen. Eg fekk slik trong til å ta fram testamentet eg hadde i trøyelomma og finne eit godt ord frå Herren min. Men det var noko som heldt att. Kunne eg gjera det millom alle desse framande? – Kvifor kunne eg ikkje det? Her sat da fleire og las i ymse blad og bøker. Men når eg tok fram boka mi, ville alle sjå at det var heilt anna slag lesnad. – –

Korleis var det med meg? Skjemtes eg ved Evangeliet? Burde eg ikkje like så godt stemme i ein lovsong til Gud? Etter ei stund fekk eg att frimodet. Eg fann fram testamentet og tok til å bla. Midt i mot meg sat ei kvinne. Da ho såg kva eg heldt på med, gav ho meg eit venleg augekast, så opna ho veska og tok fram ein Bibel. Dette var styrkande for oss både. Det var frimodet som fekk si løn. Ved sida av meg sat ein ung gut. Sanneleg greip ikkje også han i lomma og kom fram med eit testamente. Så var me tri som hadde den same hunger og tørst. I slike stunder røyner ein kva De Helliges Samfunn er.

Klokka 14 var toget på Berkåk. Me var ein god del forsinka, så det undra meg ikkje at Orkdalsbussen hadde gått for ei stund sidan. Billetten min rakk ikkje lenger, så eg måtte stå av her kor som var. Der stod eg på perrongen med pikkpakket mitt, og såg toget bli borte i ein sving på tur til Trondheim. Det var no tugsamt og. Så nære heim, og så måtte eg kanskje bli her til dagen etter.

Det var lyst enda. Klokka var omalg 15. Det var ingen grunn til vonløyse. Det kunne vel enda bli ei råd. Eg trøsta meg med at eg skulle no i alle fall vera heim til julkvelds.

Medan eg stod der og grunda på kva eg skulle gjera, kom ein ung kar bort til meg. Det synte seg å vera ein orkdalsgut som og skulle til Fannrem. Eg kjende han ikkje att, men han kjende meg. Han var og i villrede om korleis han skulle koma seg vidare, men han visste om ei kone frå Orkdal som hadde vore med toget frå Oslo. Etter det han visste, hadde ho vore i Oslo og henta eit barn som hadde vorte operert på Rikshospitalet. På kaffen nedanfor stasjonen fann me både kona og barnet. Alt klaffa. Ho venta på skyss. Sidan det var sjukatransport hadde ho fått lov på ein bli frå Meldal som skulle hente dei her. Kona var av det hjepsame slaget. Ho visste ikkje av andre passasjerar, så ho hadde ikkje noko imot at me fekk vera med og dele på skyssen. Det vart ikkje

lenge å vente, så stansa det ein personbil med gasgenerator utanfor. Det var meldalingen, og han var med ein gong viljug til å ta oss med. Eg sa frå at alt eg hadde var femti kroner, men ville han ta meg med til Fannrem, så var dei hans. Ja da, det var berre å stige inn, og snart rulla me i jamn fart nedover Berkåksbakkane. No gjekk det fint. Det var berre å slappe av.
Da me kom til Å, svinga me innom og fyllte på olderved, d.v.s. knott. Eg fekk mest ikkje til å tru det var sant at eg kunne vera heime om ein liten time. Ved By sette han av kona og jentungen, og så kjørte han oss til tunet på Orkdal meieri. Med ryggsekken på nakken og ein pakke i kvar hand tok eg beinaste vegen til Fannremsøyan åt kona mi. Eg rekna med at ho og borna venta på meg der. Eg for beinvegen etter jernbanesporet forbi Fannrem stasjon til Vormdalsvegen. Eg ansa ikkje da kva for ein risk eg tok: Det var unntakstilstand i Orkdal nett da. Eg veit ikkje kva årsak det hadde, men tyskarane var alltid så nervøse for skadeverk på jernbanen, så malmkjøringa frå Løkken kunne bli hindra. Det var strengt forbode, ja, jamngodt med livsfare å gå etter lina. Med meg gjekk det sjølvsagt bra. Det var heller ikkje lange biten.

Da eg kom til Øyan, fekk eg vita at både Ingeborg og borna var på Klemmetsmo, barndomsheimen min. Dei rekna med at eg kom med buss frå Trondheim og steig av dernede. Eg kvitta meg med ferdagodset, og tok føtene fatt dei to kilometrane dit. Da eg nådde jernbane krysset ved Follo, kom det to ungar til møtes med meg. Eg tenkte mitt, men stega berre på. Med det same me for framom kvarandre, var det ei varsam røyst som kviskra: »Far». Så var det Anngrim og Margit som hadde gått imot meg. Dei hadde fått varsel over telefon at eg var på veg. Det vart eit gledeleg gjensyn, og med ein unge i kvar hand bar det til gards i full fart. Snart sat eg benka ved eit festbord saman med kone og born og mi kjære, gamle mor som heile tida hadde vore i så stor otte for meg. Her var og dei fleste søskena mine samla. Endeleg var eg heima.

# Dei nye sokneråda for Orkdal prestegjeld

ORKDAL
Jarl Gjønnes, Ivar K. Gangås, Gunnar Melås, Sigmund Alfer, Johan Hukkelås. Bjørn Hansen, Inger Lill Gjønnes, Jostein Krutvik, Anne Eldevik Egil Slørdal.
Vararepr.:
Erling Høston, Liv Gjelsvik, Alvhild Engen, Magnhild Haugset, Gabriel Eikli.
66 røyster avgjeve.

GEITASTRAND
Gunhild Bjørnbet, Sissel Haugnes, Gunerius Kjøren, Sivert Husdal, Inger Isdal, Ingeborg Nilsen.
Vararepr.:
Synnøve Sletvild, Ester Husby, Odd Klomstein, Else Sletvold, Enok Husdal.
28 røyster avgjeve.

ORKLAND
Jostein dalen, Målfrid Kvikne, Ragna Fagerli, Ola Ljøkjel, Styrkar Grønning, Rannveig Tronvoll, Margit Vangen, Olaug Øverby.
Vararepr.:
Jens Indergård, Anny Bonde, Liv Nyborg, Eimund Asbøll, Olav Damli.
34 røyster avgjeve.

ORKANGER
Harald Hukkelås, Gudlaug Aae,Magnus Mogstad, Tom Hanselmann, Finn Skauvik, Jostein Mælen, Kirsti Sætre, Mary Røhme.
Vararepr.:
Inger viggen, Ellen Antonsen, Gerd Eggen, Agnes Singstad, Randi Falch.
36 røyster avgjeve.



»Og så begynte me å vera glade».
Luk. 15,24.

*Her takkar vi Per Asphjell – »gammalklokkaren» avdi han lot oss vera med på denne Tysklandsferda.*

**ORKDAL MINNEFOND**
**De får blankettar hos:**
**Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Sissel Solem, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alfhild Engen.**

**ORKLAND MINNEFOND**
**Blankettar hos:**
**Klara Aamot, 7330 Svorkmo**
**T. Rein, Vormstad, 7330 Svorkmo**
**M. A. Staveli, 7334 Hoston**

**ORKANGER MINNEFOND**
**Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.**

**GEITASTRAND MINNEFOND**
**Blankettar hos:**
**Gunerius Kjøren**



# BARNETEIGEN

## Vet du hvor krinkelkroken er?

Ja, det er i en kjeller på Orkanger, nærmere bestemt i prestekjelleren. Der har vi et stort rom som vi bruker til barnearbeid.

Vet du hvem Orkanger-korvettene er? Ja, det er barnehagene som samles i Krinkelkroken og oppe i stua hver onsdag kl. 16.30. Vi er mini-midi og maxi-korvetter og vi er ca. 30 stk. hver gang. Vi har forskjellige arbeidsoppgaver etter alder og i høst har vi tatt kirkemerket. Dere skulle ha sett alle de sko-ekskene som ble til fine kirker med gult silkepapir i vinduene og med døpefont og talerstol. Vi har også vært i kirka hvor presten viste oss rundt og vi fikk se de klærne som presten bruker i kirka. Nå driver minikorvettene med hobbymerket, de lager adventskalender og midi og maxi skal ta sangmerket før jul. Vi har sunget i kirka og på sykehuset og vi lærer nye sanger. Vi liker å synge og vi syns det er veldig artig å få komme rundt å synge. Vi synger ofte: »Guds rike hører barna til og jeg er regnet med. Min aller beste venn, er Jesus frelseren, og tenk hvor stort han regner alle med».

En gang i semesteret skal vi ha foreldrefest og den første går av stabelen i desember. Vi gleder oss til å lage fest på bedehuset for mamma og pappa.

Korvettarbeidet er et ledd i kirkens dåpsopplæring. Vi skal være med å formidle det dåpen innebærer for barna. Det er vanskelig å oppdra barna i den kristne tro og derfor vil vi at korvett-laget skal hjelpe til med å oppfylle det løftet vi ga da vi bar de små fram til døpefonten. Vi har et stort ansvar, det er Norges framtid det gjelder!

Vi tenner alltid et lys på korvettmøtene og det skal minne oss om han som sa: Jeg er verdens lys!

*AES*



Det er ettermiddag. Det mørkner fort og stjernene begynner å lyse på himmelen. Rundt omkring er det ganske stille, bare en og annen sau breker litt. Det ligger mange sauer rundt om på markene og tygger drøv. Noen gjetere har tent et bål. De sitter rundt det og varmer seg og prater litt.
Plutselig står det en engel foran dem. Han forteller dem at nå er Kristus født i Davids stad. »Dere skal finne et lite barn som ligger i en krybbe», sier han. Og så er det som om hele himmelen er full av engler som synger: Ære være Gud i det høyeste!

Gjeterne ser på hverandre. Nå har det skjedd det som de hadde ventet på i hundrevis av år. Far hadde fortalt det til sønn, og sønn hadde fortalt det videre til barn og barnebarn at en dag vil Gud sende sin Sønn. Han skal vokse opp og redde folket. – Kunne det virkelig være sant at han var kommet nå? Engelen hadde sagt det. De kunne gå og se selv. »La oss gå!» sier de til hverandre. Davids by, det er Betlehem. De springer avsted. Der finner de barnet som ligger i en krybbe. Det er sant det som engelen hadde sagt. Dette er Kristus, Herren, i Davids stad.

Ville dere ha ønsket at dere hadde vært med disse gjeterne som fikk komme og se Jesus-barnet? Men vi kan også si til hverandre slik som gjeterne sa: La oss gå like til Betlehem og se det som har hendt. Vi kan få gå til kirke om og om igjen, hver søndag og kanskje enda oftere hele året.

Første gang vi møtte Jesus var i dåpen. Det husker du ikke, men det gjør Jesus. Han kjenner deg. Han vil at du skal komme å høre om ham riktig ofte slik at han kan få lære ham enda betre å kjenne, han som er Guds Sønn og har all makt i himmel og på jord. Han som er sterkere enn døden og alt det som er vondt. Han skal vi få lov til å tro på og stole på. Han vil være med oss alle dager.

Vi vil også love og prise ham slik englene gjorde det for gjeterne på Betlehemsmarken:

*Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden blandt mennesker som har nøde hos Gud.*

J. Lj.



**MANGE PLANTER HAR ET ELLER ANNET DYRENAVN I SEG.**

**Kan du finne ut hvilke planter som skjuler seg bak disse smårebusene?**

1. Husdyr – dyrefot.
2. Dyrepote.
3. Villdyr – noe i munnen.
4. Dyr som klatrer – noe i ansiktet.
5. Langt dyr – noe som sitter øverst på kroppen.
6. Skogsdyr – klokke.
7. Stoff – fisk – noe å spise med.
8. Husdyr – noe å spise.
9. Smågnager – hale.
10. Fugl – plante.

Løsning finner du side 2

# Omkring jula

Enda om eg ikkje er rett så gamal, så er eg likevel gamal nok til å la tankane gå attende til dei fyrste barneår, når det vert snakk om jula. Kor godt hadde vi det ikkje alle medan vi enda var så små at vi heller ville ha ein femøring enn ein femogtjugeøring avdi den fyrste var størst. Vi hadde ikkje ete kunnskapens tre enno. Auga gledde seg over det som skein og hadde gilde fargar og vitet spurte ikkje etter kva som var dyrast og økonomisk likast av dette og hint. Så kunne og glanspapirdukka gleda eit gutehjarte langt meir enn gyngehestar i tre. Papirdokka var kledd som ei prinsesse og hadde gullkrune og hermelinsveip, og sette tankar og jamvel voner i sving, medan gyngehesten berre var ein liten avglans av Svarten ha's Arn Systuen. Ellers vart vi no ikkje burtskjemt med store gåver til jul for 50 - 60 år sidan. Men alle skulle no ha eit nytt kleplagg til jul, var det no aldri så lite. Elles var jula »utskjemd» sa dei eldre. Gåvene vi fekk var da helst: votter, skjerf, stutthussu, ulltrøyer o.l. Pynten vi hadde i juletreet var heimegjorte papirkorger og kakejkerringer. Men spør om vi gledde oss til jul. Eg er viss om at borna i dag som får heilt andre og dyrare gåver, knapt gleder seg så mykje. Innflasjonen har gjort si gjerning heilt inn i jula si heilage høgtid. No held jula på å verta kjøpmennene si engrosstid. Siste helvta i desember vert dei dagane som skal gjeva det store overskottet. I fire veker før jul kan ein sjå julenisser i alle groteske utgåver og størrelser med sekker fulle av gåvepakker i annakvart butikkvindauga. Ikkje å undrast på at seksåringen trudde det var »julegubben» som vart født julekvelden for 1980 år sidan, då eg spurde han. Nei, julebodskapens innhald skyna vi og kjente vi iallefall for ein mannsalder sidan. Men lat oss ikkje berre gjeva krambufolket all skulda for utglidinga. Vi har vel vore med til det sjølve. Vi har komne inn i den feiltrua at det var auken i økonomisk bæreevne som skulle gjera jula gildare og rikare enn ho hadde vore før.

Men kanskje det kunne det vera sundt å fortelja oss sjølve og borna våre såvore ting som at for 55 år sidan gjekk små gutar og jenter i mi heimgrend og geldde seg ( mellom anna) til julefesten i skulen tridjedag jul, for da skulle alle born få kvar si halve appelsin. Dei vaksne hadde gjort innsamling, visste vi, for å greie den store utgifta. Ellers hadde sjølvsagt jula også anna og meir heilagt innhald som kunne gle små og store. Bessmor hadde i god tid repetera jule-

forts. side 12





VANNRETT:
1. Er det mange av i et hus.
4. Krydde det av i Betlehem.
8. Kjent Bibelsk dame.
9. Får noen i julegave.
12. Gjetere
13. Får vi på juletrefesten.
14. Kompassretning.
16. Dessert.
18. Punge ut.
22. Julebarnet.
24. Gjøre sveis.
26. Ole Jørgensen.
28. Tull (bakvendt).
29. Ikke så sterk lyd.
30. Moro.
31. Klokka.
32. Gjorde stjernen.
34. Var Gabriel.
35. Kan snøen være.
37. Innenfor anorakken.
39. . . . . . juleevangeliet.
40. Var Herodes.

LODDRETT:
1. Ble hyrdene.
2. Guttenavn.
3. Hun fikk englebesøk.
5. Olga Haug.
6. Har vi på juletreet.
7. »Barneseng».
9. Sjakk – Ludo.
10. Hygge.
11. Glatt vann.
17. Navnet på gjesten i 3 loddrett.
19. Tall.
20. Dit flyktet familien.
21. Julebyen.
22. Han var forlovet med 3 loddrett.
23. Som 29 vannrett.
25. Gave til Jesus-barnet.
27. Høytid.
28. Selskap som lager bråk i lufta.
33. Er minstebarnet.
34. Gjør vi for mye i jula.
36. Fisk.
38. Voks.
41. Smitte.

**Når du har løst oppgaven, kan du sende den til Prestekontoret, Kommunesenteret, 7300 ORKANGER innen 15. januar 1982. Kanskje du er heldig og vinn ei bok.**

# 5 DIKTARAR frå våre trakter

## HEIMEN

*Du ligg så lunt, du heimen min*
*i livd for storm og kav.*
*Ein bergvegg svart på vakt med grin*
*og lunfengt glis når sola skin*
*tek du for uvær av.*

*Det berget står så traust på vakt*
*og glor i tunet ned,*
*så traust og trygt at ingen makt*
*som er i mannahanda lagt*
*formår å flyttje det.*

*Det stod der gjennom tusen år,*
*og det med undring såg*
*at nokre hus kom opp ein vår*
*og glytte opp mot kverven klår*
*og at ein heim der låg.*

*Og barneflokken kåt og kvat*
*snart kring på tunet sveiv.*
*Og mor i stova laga mat*
*med' far med blad og bøker sat*
*og med sit arbeid dreiv.*

*Der bjørkesus og fuglesong*
*klang vent i vårmett luft.*
*Men hørde det ein hende gong*
*at ugla skreik frå bergespong,—*
*eg trudde det var luft.*

*Det høgtid var ved vintertid*
*når snø løg kvit og fin.*
*Me born oss bauta fram på ski*
*og baska glad som fuglen fri*
*i akebakken min.*

*Men sumarbolken jamt vart slutt*
*med bal på grøne eng.*
*Med ljå og rive gjekk eg trutt*
*og endeleg når dag var slutt*
*eg stupte trøtt i seng.*

*Mi kveldsbøn bad eg trygg i tru*
*og mor sa amen til,*
*og sukka: Kjære fader du*
*hald auge med vår heim, vårt bu*
*og me deg takke vil.*

*Eg sov så trygt i skoven der*
*og drøymde meg så stor —*
*Og aldri kvar så enn eg fer*
*eg fann slik tryggleik rik og stor*
*som der hjå henne mor —.*

*Eg no deg ser i framand hand*
*min kjære fedregard.*
*Men kor eg ferdast vidt om land*
*i lengtingsott — ein rotlaus mann—*
*eg deg i minnet har.*

*Når no eg står i storm og gny*
*på livsens ville hav*
*i motburd stri, i uværssky —*
*og saknar* **berget** *som gav ly*
*for harde uverskav.*

*Kvar helst min veg i villa går*
**du** *er meg like nær.*
*Eg ser deg stødt i sol og vår,*
*og tru og tanke, von meg spår*
*at* **heim** *det ein gong ber — .*

Olav Nyhus



## DEN GAMLE GARD

*Så fager ligg den gamle gard*
*og skin i fredsæl ro.*
*Her streva trutt ho mor, han far*
*og gav sitt hjarteblod.*
*Dei ville verna denne plett*
*med hus og heim, med jord og ætt.*

*Eg ser deg far på rabben gå*
*med bytta di i hand.*
*Du mor, du hadde dine små*
*og gjorde det du vann.*
*Og attåt steig frå stova trong*
*din ljose, mjuke, varme song.*

*Det røymde nok på slik ein gard*
*i harde, tunge år.*
*Men gjennom trengsla berging var*
*og von om betre kår.*
*No er det sol og signing gror*
*i desse kjære gamle spor.*

*Kven skal vel taka arven opp*
*i deira fotefar,*
*og sjå at tre og strå skyt knopp*
*på gamle ættargard?*
*Jau, det er dei som veit at her*
*dei gangnar mest og tena fær.*

Arnt Lånke
(bonde i Rennebu)

**Biblioteket for alle**

folkebiblioteket i Orkdal kommune ønsker på denne måten å komme i kontakt med mennesker som på en eller annen måte er forhindret i å komme til biblioteket selv, men som likevel ønsker et boktilbud. Biblioteket har kapastitet til mere oppsøkende virksomhet.
Ring telf. 80 000 (kommunesenteret) linje 84 og vi kan snakke om tilbudet. det er gratis for den enkelte.

biblioteksjefen.

## SYNG UT

*La i song få tone ut*
*det som bur i hjarta inne!*
*Songen døyver sorg og sut,*
*elskar fram dei fagre minne.*
*Syng når du er med i venelag,*
*syng når einsam du lyt vera.*
*Syng i helg og yrkesdag,*
*så blir yrket lett å gjera.*
*Syng ut, syng ut, Syng av hjarta ut.*

*Hent deg kraft i tonekvad*
*når du trøytnar vil på ferda,*
*syng deg sterk og syng deg glad,*
*gå med song igjennom verda.*
*Sjel og sinn det opp mot høgda dreg,*
*skapar von og liv i barmen,*
*spreier solskin på din veg,*
*gjev deg mot og kraft i armen.*
*Syng ut, syng ut, syng av hjarte ut!*

*Mørkemakt og vondskaps hær*
*vi med song skal overvinne,*
*og når det mot kvelden ber,*
*skal i song vi freden finne.*
*Aldri, aldri tagna skal vår song*
*Når den siste kveldsol gyller.*
*Nyskapt då av hjartans trong*
*vi med song vår herre hyller.*
*Syng ut, syng ut, syng av hjarte ut!*

Olav Hongset
(mangeårig kordirigent i Orkdal)

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl
Tlf. 80259

Orkanger

## HILSEN TIL NORSKE SJØMENN

*Jeg har ingen blomster, har ingen roser,*
*Sender kun sjømannen min et par hoser.*
*De baner sig vei inn på julebordet,*
*Spakferdig og stille griper de ordet — —:*
*Vi hilser fra fedrelandet der hjemme,*
*Aldri, nei aldri du Norge må glemme!*
*Norge med sol over dal og fjell,*
*Med stupbratte bakker og fossevell,—*
*Med smilende enger og sjøer blanke,*
*Dype og rene som barnets tanke,*
*Med skinnende isbre og skumhvite fjord*
*Og brødre og søstre og far og mor!*

I. Koren, prestekone i Orkdal

## TRU OG TVIL!

*Å, — den som kunne tru og tenkje*
*at Gud står bak det heile verk.*
*at han din livsveg bøyer eller benkjer,*
*om sjuk og svak, så var eg enda sterk.*
*Men det er vondt å fatte meininga med*
*slike sår og slag.*
*Tungt å gange bakkar bratte grå*
*ein solheit somardag.*

*Er det så me her skal prøvast,*
*lutrast så å seie gjennom eld,*
*at vårt hovmod trengst å døyvast,*
*før me når den siste kveld.*
*Skal ein einskild mann bli slegen,*
*som er sterk og glad i sinn,*
*utan at den heile slegt vert dregen*
*med i sorg og saknad inn.*

*Ja det ligg så nær å spørje,*
*når du sjølv har treft det slik.*
*Kvifor vart me såra så me sørgje,*
*når andre veks seg både sterk og rik?*
*Skal me ofrast for det heile,*
*eller er det berre for vår eigen del?*
*Skal me pinast for at slekta feile,*
*eller er det mogning for ei einskild sjel?*

*Er det treff hell lov hell lagnad,*
*at det har seg slik på jord?*
*Fødes* som *til sorg og* som *til fagnad?*
*Eller er det ein som styrer, som er sterk*
*og stor?*
*Ja, det er duld for våre sanser.*
*Her krinsar tanken ring i ring.*
*Her vesle vitet frygtsamt standser,*
*og ser seg ingen veg omkring.*

*Ja, den som kunne tru og ikkje tvile!*
*Han var det kanskje lel som stod seg best,*
*som trass i sorg og sjukdom kunne smile*
*og såg på livet her som berre gjest.*
*Som glad og sikker gav seg over —*
*utan tanke -- utan tvil,*
*som barnet når hos mor det sover,*
*så tillitsfullt og trygt si søte middagskvil.*

*Eg veit dei kloke her vil smile,*
*og tykkje det er galmanns snakk.*
*For det er netop karslag det å tvile.*
*Ja, tale vondt og ned åt rakk.*
*Men kva slags stønad skal me finne*
*for eit stakkars liv som vårt?*
*Eg trur du tapar meir enn du vil vinne,*
*og fyrre enden kjem du sørgeleg ti' kort.*

Skrive den 2den mars 1924,
Lars Skaugen

**SØLVVARER**
**til**
**BARNEDÅP BRYLLUP**
**KONFIRMASJON**
**Gullsmed**
John RØHME
**7300 Orkanger**

fra side 8

evangeliet med oss, så det kunne vi vel utenåt. At juleevangeliet også som tidast vart fortalt med ein under tone av at — no må alle smågutar og jenter vera snille, — skulle vera uturvande å segje. Aldri heile året var vi vel så snille som dei siste 14 dagane før julekvelden, enda om vi også elles var gilde born. Vi gjekk mest og gjette dei vaksne om det kunne vera noko oppdrag å by seg tilhjep med. Ho Jenny tok til å flette håret sitt sjølv, så ho skulle sleppe å ampe ho mor og han Per vart så ivrig til å gjeva hønsene og grisane at han ein veslejulkveld datt oppi grisegaren. Eg som ikkje hadde noko hår å flette og som ikkje hadde fyrsteretten til å mate gris og høns, visste ikkje anna enn å snerte meg burt til gamle Kari Bortistuen for å høyre om eg skulle bære inn ved åt ho. Til takk fekk eg ein komme med »silskjenk». Til alle dykk som ikkje er oppvaksne med seperator så er silskjenk den noko feitare mjølka ein fær på fløytesida til slutt når ein har slege etter skumamjølk. Dei andre ungane tykte eg hadde vore meire enn heldug, for gamle Kari hadde berre ei ku og trong silskjenken sin sjølv til kaffefløyte. Så gav dei meg skamord som ikkje hadde hatt vett til å segja nei takk. Åja, »sorgen og gleder den vandrer tilhobe», også for den som er liten og lite tenkjer. Den kvelden hugsar eg at eg i kveldsbøna fletta inn ei bøn om forlating fordi eg hadde stelt det slik at Gamle-Kari ikkje hadde kaffefløyte til jul. Dagen etter tykte eg Gud var heller snar til å bønhøyre, da bestemor bad meg bera ei stor korg med ymse slag mat burt i Bortistuen åt ho Kari. »Ho er for gamal til å lage seg god julekost», sa ho. Eg stal meg så vidt til å lyfte på overkastet og vart varm om hjartet då eg mellom lemse, gokake, smør, pølse, ost og gøbb også såg ei flaske som måtte innehalde fløyte.

Julekvelden var det ikkje å setje på radioen, slik vi no gjer, for å høyre på andre korleis dei feirar jula, til dess vi gløymer å feira ho sjølve.

Å nei, men dagen hadde sitt innhald likevel. Tidleg om morgonen vart vi vekt og skulle skunda oss ned i kjøkkenet åt ho mor. Der sto den store stampen innboren med mykje varmt vatn i, så det var klårt kva som skulle skje. Ein etter ein vart ungane skrubba og skurt, som aldri heile året elles, og så kom helgeunnbuksene og unntrøya på, men oppå måtte vi enda finna oss i å ha kvardagsklede. Mor trudde ikkje vi klarte å halda oss reine og heile til kvelds elles. Så skulle ein også bera full vedkassene på alle loft og i alle kammers, og det var jamin ein heil føremiddagsjobb. Den nye helgabuksa og kvitgenseren kom fyrst på når nonsmaten var eten og klokka gjekk mot fire. Litt før seks gjekk alle ut i tunet og sto å lydde om vi skulle høyre klokkene frå soknekyrkja ringa jula inn. Det var langt åt kyrkja, så det var ikkje alltid klokketonene bar fram. Ho bessmor meinte nyåret vart fredeleg for landet om vi høyrde klokkene godt. Innkomne att, var det å gå til helgebordet for å få oss julemat. Det var no lutefisk og risengrynsgraut på kvelden eikor slag rett så god kjøttmat. Etter helgematen las ein av dei vaksne evangeliet, og vi fekk gåvene våre. Med pauser innimellom gjekk vi rundt julegrana og song alle julesongane vi hadde lært siste vekene. Han far var ein meister i å kunne dikt utanåt. Han kunne segja fram dikt som høvde til allslags lag, og mange julekveldar fekk vi høyra Wergelands dramatiske dikt »Juleaftén», om kramkaren — jøden som laut fryse ihel ei heilag julenatt av di han ikkje fekk hus i bondens gard. Eg har hug til å taka med noko av diktet her:

*»Jøde», skrek forferdet en manns og kvinnerøst*
*»Da bli du ute! Vi eier ingenting å kjøpe for og blott ulykke du vil bringe huset i denne natt, da han ble født du drepte!»*
*» — Jeg»*
*»— Ja ditt folk, og det er synden som igjennom tusen ledd skal straffes».*
*» — akk inatt, da hunden ikke lukkes ut?»*
*» — Ja hunden ja, men ingen jøde i et kristent hus.»*

Eg veit no at eg var langt over konfirmasjonsalderen før eg skyna dette diktet, men likevel, når far las det, skyna eg det på barnets vis. Vi fekk ei kjensle av at vi mennesker måtte vera gode mot kvarandre og gjeva kvarandre hus. Ei jula fekk vi no røyna dette bokstaveleg, endå om det ikkje galt jødar. Det var ein veslejuleaftan i snøføyk og kalde at eit heilt fantefylgje kom til gards. Eg hugsar ikkje no kor mange dei var på tal, men langt over ti var dei. Fantefaren kom og spurte bessfar om det var hus å få for jula. Eg hugsar at bessfar ikkje var så heilt viljug med det same, men enden vart at halm vart boren inn over heile storstovegolvet, så dei kunne få ligja der. Vi ungane tykte det var stor stas. Så mange hender ikring juletreet hadde det aldri vore før, og synga kunne fantane. Han bessfar ville at alle saker av noko verdi skulle berast unda i storstova før fantane fekk koma dit, men bessmor var stri på at sopass måtte eit lita dei ei heilag julehøgtid skulle ein fyrst gjeva dei hus. Eg høyrde heller aldri at noko kom bort den jula.

Av alle julesongane var det ein eg aldri våga å gjera framlegg om at vi skulle syngja, avdi kvar gong vi kom til tridje verset fekk eg slik klump i brystet og tårane spratt i augo. Det var: Du grønne glitrande tre goddag. Når vi kom så langt som til — Den fyrste jul i et framandt land, — laut eg tenkja på gilde onkel morbror som hadde reist til Canada, så langt, langt burte. Slumpa det likevel til at vi song han nokongong, så visste vi alle at då sette ho bessmor seg og gret. So vart dei ei stilltiande avgjerd at den songen skulle kvila.

Tidleg juledagsmorgon måtte vi alle skunda oss opp å gjera oss istand til kyrkjegong. Alle som hadde »føt» til det skulle vera med. 7 km. — 14 km. att fram var lang veg for små barneføter og for gamalt folk. Ikkje var det plogveg heile vegen heller, men aldri veit eg at vi grudde for vegen. Aldri minns eg at vi den tanken fekk sleppa seg inn at kyrkjeturen fekk vera.

Ei lukkeleg tid når ein tenkjer attende. Om dei økonomiske tilhøva var heller skrale, så var menneska rike innvortes.

No er det vel slik at dei gode minnene hugsar ein, medan dei vonde minne kjem burt etter kvart. Likevel vågar eg å tru at folk for ein mannsalder sidan kunne eige livslukke like rik i sin armod som dagens menneske i sin rikdom. Alt er no så mekanisera, jamvel jula. Ein slepp den heimekose blanding av bar- og talgdåm når ein kveikar det elektriske julelyset. Husmora har det svært så kjekkt når ho kan svinga seg inn i kjøleskapet etter julematen, men så er og sjarmen burte med ein bøygd rygg over saltkjøttstampen på bursloftet, medan ein gutpjokk held fjøslykta for ho bessmor. Men ikkje vert han gladare til sinns og skynar meire av jula den sekssåringen som pakker ut sitt elekriske tog julekvelden, og legg seg med den trua at no har julegubben feira fødselsdag, enn vårt slektsledd var da vi pakka ut vottane ho mor hadde bunde eller tredokka han far hadde snikra.

Midt i vår mekaniserte tidsalder og vår kulturlause nedgongstid treng vi jula. Vi treng den å varme oss på i ein elles så kald vinter eg ei kald verd. Kvar for oss skal vi spørja oss sjølve om vi har gjort vår bør for å verma andre mennesker. Det er så altfor mange gamle einsame, som ikkje lenger har nokon barneauge å verma seg ved. I fjor veit eg at det sat ei gamal einsam mor og venta utan von einstad i fjella våre. Sjølv hadde ho fostra mange born som no i sin tur hadde gilde heimar kvar for seg. Lat ho mor sleppa å sitte åleine i år. Lat ho sleppa å kjenna vemotet over julekveldar som aldri kjem att. Ho mor fortente ikkje det, — ikkje han far heller. Lat oss stelle oss lik at vi med godt samvit kan synge vår barndoms julevers:

*Da tender moder alle lys*
*så ingen krok er mørk.*
*Hun sier stjernen lyste så*
*i hele verdens ørk . . . . . .*
*Hun sier at den lyser enn*
*og slukner aldri ut*
*Og hvis den kommer på min vei*
*da kommer jeg til Gud.*

K.R.

# ROPET

**Aktuelle advents-tankar ved Trygve Bjerkheim**

30 000 unge er samla til »Ragna-rock», ein rocke-festival i Holmenkollen i juni 1973. Høg stemning. »Men stemninga slo brått om da en del unge kristne aktører fra »Operasjon Oslo» ved 15.30-tiden søndag fikk overta mikrofonen for å fortelle det store publikum hva »ragnarokk» egentlig betyr. Pastor Jonny Noer fra Danmark ble under rop og trusler forlangt fjernet fra scenen da han forsøkte å bringe en appell. **»Vi vil ha rock, ikke Jesus!»** ble det ropt.» (Reportasje i »Vårt Land»).

Det er ved et universitet i Tyskland. »Det skal faktisk ha skjedd at en velmenende professor, som foreleste i etikk med bibelsk fortegn, og som i lang tid ble boikottet av studentene, plutselig en dag ble møtt av et fullsatt auditorium som med øredøyende styrke ropte taktfast: **»Wir wunschen Marx!»** — me ynskjer Marx! (Olav Skjevesland, i »For bibel og bekjennelse» nr. 2 — 1973.

Dei svenske biskopane har sendt ut eit »hyrdebrev». Dei »seier nei til førekteskapelige seksuelle forbindelser, og vil heller ikke anbefale de såkalte ekteskapsliknende forhold.»

Men då steig ropet, ikkje berre frå radikale krinsar, men også frå unge i gamle kyrkjesamfunn, som før har stått vakt om kristen moral. Unge kristne tykte biskopane var negative, og fortalte ope at dei levde saman utan å vera gifte. Ja, ein og annan pastor forsvarte dei også.

Ein kino ute på landet set opp ein krass pornofilm. Grunngjevinga var at »publikum krever sterke kjærlighetsfilmer». Og

forts. side 14



fra side 2

pipekraven var den lærdes skjorte som ble stivet i halsen ogpoignettene var kantene på skjorteermene. Fra ca. 1550 ble den separate pipekrave et alminnelig motestykke hos alle stender og ble meget brukt av kongelige, ja også av damer.

MEN OMKRING 1630 AVLØSTES pipekraven av en annen mote, nemlig de flate kniplingskraver som igjen utviklet seg til bladkraven. Det ble midlertid nedlagt forbud for prestene mot å følge moteforandringen og så ble pipekraven geistlig. Det samme gjeldt selve kjolen, som vant seg plass som geistlig embetsdrakt, fordi prestene fortsatte å bruke den til tross for at motene skiftet. Det skal dog bemerkes at prestekjolens var prestens privatdrakt, »hjemme og ute, på gate og selskap». For de protestantiske prester etter Reformasjonen ble det ikke bestemt noe spesiell ornat, og det var ofte inge forskjell på prestens gangklær og hans kirkelige drakt. Det var imidlertid ingenting i veien for at han i kirken kunne bruke de overleverte messeklær fra den katolske kirke, — messesjorten og messehaglen. Betegnende er Luthers råd til prost Buchholzer overfor kurfyrst Joachim i 1539: »Når kun oOrdet må prekes rent og sakramentene forvaltes rett, så gå i Guds navn omkring og bær et sølvkors eller gullkors og korkåpe eller røkkelin av fløyel, silke eller lærret, og har Eders Herre Kurfyrsten ikke nok i en korkåpe eller røkkeling så ta tre på, som Aron Ypperstepresten iførte seg tre kjortler over hinannen. Ti sådanne ting, når kun der ikke er misbruk med i spillet, hverken gir evangelite noe eller tar noe ifra det». Siden sier Luther til Georg av Anhalt at han synes at det ikke skal

forts. side 14

**Hoff**
**Begravelsesbyrå**

**Inneh. Gunvor Hoff.**
**Ordner alt ved kremasjoner og begravelser samvittighetsfullt.**

Adr. Sveligt. 6. Tlf. 80 183.

**STØTT VÅRE ANNONSØRER!**

filmar som var forbodne her i landet for berre fem år sidan, fordi dei er pornografiske eller valdsfilmar, rullar no over lerretet.

Ei avis fortel at det er eit »vidsynt» syn på sex i Finland. Om lag 90% av folket lever i lag før ekteskapet. Det som Guds ord kallar utukt og hor, er no »vidsynhet». Og det er då ein dyd å vera vidsynt!

I det gamle dekadente Roma ropa folkemassane: »Panis et circenses!» — brød og sirkusleikar! Det same ropet lyder i dag. Og nye rop er komne til: Lov om »fri seksuell utfoldelse», lov til fritt å drepa barnet i mors liv!

Det stolte Romarriket gjekk til grunne. Det simpelthen rotna opp.

»Der åtselet er, vil gribbane samlast», sa Meisteren.

For snart to tusen år sidan lydde det eit rop: »Bort med denne! Gjev oss Barabbas fri!» — Litt seinare lydde eit anna rop: »Krossfest! Krsossfest!» — Kven skulle krossfestast? Den største, edlaste, beste, reinaste som har trødd på denne jord.

Og det står så redselsfult: »Og ropet deira fekk overhand».

Dette ropet skal stiga med fornya styrke ut mot dei siste tider, — og det lyder alt i mange land.

Men då nærmar seg også tida for eit anna rop:

»Brudgomen kjem! Gå han i møte!»

Då gjekk dei som var reide, inn til bryllupet. Og døra vart stengd — for alltid. Men enno er det nådetid. Og enno lyder den store Meisters innbyding: »På den siste, den store dagen i høgtida stod Jesus og ropa ut: Den som er tyrst, han kome til meg og drikke! Den som trur på meg, av hans liv skal det — som Skrifta har sagt — renna straumar av levande vatn.»

*Utsyn nr. 36/73.*

fra side 13

gjenoptas, hvor de er avskaffet, og ikke avskaffes hvor de er bevart. I den endelige danske gudstjenesteordning, som ble bestemmende for den norske og som Luther og Bugenhagen personlig har vært med å prege, foreskrives at man skal bruke »de vanlige messeklær», som er messekjortelen og messehagelen. Av alterbokens titelblad av 1688, som vi her bringer et bilde av, ser vi også presten i disse klær. Over den fotside og fortil lukkede messekjortelen henger en messehagel og disse plagg skal bæres for alteret. Av privatdrakten sees bare kraven og ikke den sorte kjolen. Ja den sorte kjolen er overhodet ikke nevnt i ritualet, da den ennu bare var betraktet som prestens gangklær. Aldri ble derfor prestekjolen båret bar i kirken slik som nå i våre dager. På prekestolen hadde alltid presten messeskjorten på seg, hvilket bare er tilfelle nå på de store høytidsdager.

HERETTER SKAL JEG GÅ OVER TIL å behandle de virkelige opprinnelige messeklær, messeskjorten og messehagelen som vi som nevnt har fra den katolske kirke. Messeskjorten eller messeserken kalles med det latinske navn for alba )albus, hvit). Den er en lang armskjorte som går til hælene og stammer fra grekernes og romernes borgelige drakt (tunica). Messeskjorten er sannsynligvis den eldste del av messeklærne i den kristne kirke overhodet. Flere av kirkefedrene beretter at den hvite drakt av linnet var de kristnes alminnelige gudstjenestelige drakt i Oldtiden. Dåpskandidatene bar som kjent også hvit drakt. Den symboliserer renheten og helligheten og de hvite klær i Åpenbaringen 3, 4-5. Ifølge biskop Cw. Durandus (død 1296) skal dens rummelige snitt bety Guds barns frihet. Den skal også minne om Kristi lysende og hvite klædebon ved Forklarelsen på berget og om det hvite klæde som Herodes lot kaste om ham. — Den liturgiske overkledning som bærer navnet messehagelen (lat. casula, lille hus) kan også føres tilbake til den antikke drakt (penula, fenola). Opprinnelig var messehagelen klokkeformet og dekket hele personen. Da denne form i lengden viste seg uhensiktsmessig under forretning, ble den mer og mer oppsplittet på sidene. Messehagelen symboliserer Kristi åk og bryllupskledning i Matt. 22, 11. Ifølge Durandus er den også symbol på kjærligheten, »uten hvilken presten er som en lydende malm og en klingende bjelle». Kjærligheten skjuler alt, og hagelens to deler, — forstykket og bakstykket — betegner kjærligheten til Gud og nesten. Messehagelen skal også minne om Arons prestedrakt og om den røde soldaterkappe som de romerske soldater iførte Kristus.

VÅR PRESTEKJOLE OG PIPEKRAVEN har aldri historisk vært tillagt noen symbolsk mening. Helt fra katolsk tid hevdet man at presten skulle gå mørkklædd, og dette henger sammen med askesen. Den i sin tid kjente forsker av de kirkelige paramenter, den danske dr. teol. Wilh. Rothe har sagt om vår prestekjole: »Den lange folderike kjole skjuler mannen med alle hans personlige mangler og brøst, og lar oss ved hans fremtreden blott se presten, Christi og hans kirkes tjener. Man beveger seg med frihet i den løsthengende drakt, og dog lar den seg nesten ikke bære uten med mere avmålte bevegelser og en viss anstand. Den ikke blott fremmer, men nesten avnøder mannen den verdigere holdning, som vi stedse gjerne ser hos den, der betjener helligdomen, især overlat, hvor han fremtrer som liturg. Dertil kommer at den ved sitt rike hvite smykke på det sorte bærer både alvors og netthets preg. Når derimot en eller annen vil tillegge dens sammensetning mysteriøs betydning, og f.eks. mener at poignettene ved hendene skulle bety gjerningens renhet, vingene lovens åk og pipekraven Ordets strålekrans, da røber slikt seg straks som blott subjekt, så meget mere som man av forskjellige hører forskjellige sådanne mystiske uttydninger. Dens farge, form og sammensetning har tvertimot en ganske historisk og i flere dele tilfeldig opprinnelse».



# Forklaringen på Jesu to slektstavler

**Av Nils M. Møll**



Når en leser de to slektstavler, Matt. 1,1-17 og Luk. 3,23-39, ser en at de er helt forskjellige for tiden etter David. De gjelder begge Jesu pleiefar, Josef, han som gav Jesus den rettslige stilling i Guds gamle folk, Israel. Etter Matteus er Josefs far Jakob, hans farfar Mattan, og rekken fortsetter til kong Salomo, Davids sønn. Hos Lukas er Josefs far Eli, farfaren til Mattat og rekken går der videre til Natan, en annen sønn av David.

Helt naturlig spør en: Hvordan henger dette sammen? Men vi kan svare: Det er intet problem her når en får den opplysning som den kristne kirke har. Tvert om, de to slektstavler er et bevis på at Gud Far ordnet også de ytre forhold korrekt da han sendte sin Sønn til verden. Jesus skulle, som han selv sa ved sin dåp, «oppfylle all rettferdighet». (Matt. 3,15).

Avdøde generalsekretær Tormod Vågen i Misjonssambandet har gitt en utredning om forholdet i sin «Fortolkning til Lukasevangeliet» i «Bibelverket» fra Lutherstiftelsens og Lunde forlag. Han nevner først, side 48, at «hele oldkirkens tolkere var enige om at begge evangelister skrev Josefs ættetavle». Om forskjellen sier han så at «en kristen lege som levde før år 250 e. Kr., Sextus Julius Afrikanus, har gitt en forklaring som etter hans utsagn hviler på familieoverlevering, blant Josefs etterkommere. De levde på den tid omkring i Israelslandet. Etter hans opplysning skal Jakob, som blir nevnt hos Matteus, være Josefs rette far. Eli, som er nevnt hos Lukas, skal så være hans rettslige far. Grunnen skal være den at Eli døde barnløs, og broren Jakob giftet seg med hans enke. Etter loven (se 5. Mos. 25,5 f. og Matt. 22,24!) var Josef da Elis sønn. Videre opplyser Afrikanus at Eli og Jakob hadde samme mor, men forskjellig far. Jakobs far tilhørte Salomos linje, mens Elis far nedstammet fra Davids sønn Natan».

Begge slektstavler er altså riktige, men de behandler to forskjellige ting. Matteus gir oss Josefs menneskelige linje. Lukas hans rettslige linje. Familien har overlevert begge deler, som legen Afrikanus skrev.

Men vi tenker vel: At det skulle være så innviklede forhold i den slekt som Jesus kom inn i! Ja, det var slik. Men undersøker vi saken nærmere, får vi se noe umåtelig viktig.

Josefs slekt, slik den er opptegnet av Matteus, er så fornem, menneskelig sett, som den kan være. Når vi kommer noen generasjoner tilbake, møter vi Israels kongerekke fra David, etter sønnen Salomo, som bygde tempelet.

**FORKLARINGEN PÅ JESU TO SLEKTSTAVLER . . . . .**

**forts.**

Davids trone og herske over Juda». Dette var altså en gren av Davids slekt som Jesus ikke måtte tilhøre rettslig!

Men Gud Far, som styrer historiens gang, hadde latt Josef bli overført til en annen rekke i Davids slekt, rekken fra sønnen Natan. Da kunne Jesus med rette være Messias også hva denne sak angår.

Men vi må kunne tilføye noe!

Nettopp ved at Josef hadde en slik dobbelstilling, med tilknytning både til Salomos og Nathans gren, skjedde det noe stort. Det ble da allikevel en linje over til Jesus fra Salomo og kongene etter ham, og disse fikk være med å tjene den guddommelig konge gjennom sin etterkommer Josef. Det er rimelig å se det slik at også dette hørte med til Guds plan.

## ORKANGER MENIGHET

**Menighetens juletrefest**
blir i år 6. juledag – onsdag 30.12. kl. 18.00 på Orkanger bedehus. Det blir program både for store og små. Res. kap. Bertel Aasen holder andakt.

**Eldres juletrefest**
blir på bedehuset torsdag 7. januar kl. 18 00. Prost Kaare Rogstad blir med som taler.

**Minnestein over John Kolbanussen**
Det planlegges reist minnestein over denne hedersmannen på Orkanger kirkegård. Heltedåden han utførte på Orkdalsfjorden er vel kjent for de fleste på Orkanger. Nå vil sokneradet gjerne ha **forslag til tekst på steinen.** Dersom du har noe å foreslå så send ditt forslag til kallskap. Slettahjell, Erik Aaviks gt. 6, innen 10.1.82. Teksten må være kort.

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

**postgiro 3675436 GJØLME.**
**EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.**

## ORKLAND MENIGHET

**Søndagsskolejuletrefest**
2. juledag kl. 16.00 er det igjen søndagsskolejuletrefest på Svorkmo misjonshus. Her er alle i alle aldre velkomne til ei triveleg stund.

**Speiderjuletrefest**
4. juledag (28. des.) har vi som vanlig juletrefest på Svorkmo misjonshus kl. 19.00. Det vil bli underhaldning frå ulvungane, speiderne, meisene og stifinnarane. Flere korte filmer. Andakt ved Haldor Solheim. Poser med noko godt i til alle. Utloddning. Alle barn i alle aldre er velkomne.

**I.U.F. juletrefest**
5. juledag (29. des.) har I.U.F. juletrefest med Magne Bergsli som taler og Orkland Mannskor synger.

**Eldres kirkedag**
Søndag 10. januar kl. 11.00 er det igjen eldres kirkedag med kirkekaffe og program på misjonshuset etterpå. Litt juletregang blir det også for de som måtte ønske det. Sangkrefter blir med.

**Speiderforeldreforening**
Tirsdag 12. januar starter vi opp att med foreldreforening for speidern. Alle mødre og fedre er velkomne til Gudny Bakken. Møtet blir kl. 20.00 og Bakken bur på Plassen. Vi vil ta opp aktuelle saker og drøfte kva vi foreldre kan gjera for spaidern.

**Konfirmantweekend**
22 – 24. januar blir det weekend for Svorkmo og Fannremskonfirmantane på Søvassli ungdomssenter. Sist weekend var vi 30 ungdommar på Mjuklia. Vi håpar at vi skal bli ein like stor flokk i januar.

**Røddejuletrefesten**
4. januar på Svorkmo misjonshus. Sjå annonse i Sør-Trønderlag.

**Musikklaget/Mannskoret**
har juletrefest på Svorkmo Misjonshus fredag 15. januar. Sjå annonse i Sør-Trøndelag.



**Nyttårskvelden**
blir det som vanlig gudsteneste i Moe kirke kl. 20. La oss bli mange i kyrkja på årets siste kveld. Truleg blir det sangkrefter med. Skriftemål for dei som måtte ønske det kl. 1930.

## GEITASTRAND MENIGHET

**Adventsfest**
for hele familien på Kjøra grendahus, fredag 11.12. kl. 19.00. Birgit Sæther og Orkdal ungdomskor deltar.

**Juletrefest**
for barn på Ofstad bedehus finner sted søndag 3. januar kl. 16.00.

## ORKDAL MENIGHET

**Sølberget:**
Barnas julefest 27.12 kl. 15. Indremisjonens og Misjonsselskapets julefest 3.1. kl. 14.

**Stokkhaugen**
Søndagsskolefest 2.1 kl. 15.

**Megarden:**
Indremisjonen og Misjonssambandet har julefest 28.12 kl. 19.
Arne Malum taler.

**Gjølme bedehus:**
Indremisjonens julefest 28.12 kl. 19.

**Megard barnehage og Grøtte søndagsskole**
har barnejulefest en dag over nyttår.





# Ei gammel og trofast misjonskvinne tenker tilbake

Vi har vært i samtale med ei kvinne som i en mannsalder har stått aktivt i misjonsarbeidet på hjemmefronten. Hun røper at hun er fra Markagardene, men ønsker selv at navnet ikke skal komme på trykk. Vi spurte henne hvorfor hun har lagt ned så mye arbeid for misjonens sak?

Svaret var klart: »Misjonens sak er å vinne andre for Jesus. Derfor måtte jeg være med».

Da hun var 7 - 8 år gammel ble det starta ei barneforening i grenda, og der var hun fra starten av. Da hun ble stor nok til å spinne og arbeide, begynte hun i kvinneforeningen. Vi ba henne fortelle litt om misjonsarbeidet i kvinneforeninga på den tid, og hun sier:

»Disse kvinneforeningene gikk på omgang i hjemmene. Hver 14 dag, om ettermiddagen, hadde vi forening, som var ei typisk arbeidsforening. Om høsten etter saueklippinga, ga medlemmene noe ull, og derfor tok vi med oss rokken og kardene. Arbeidet besto da i å karde, spinne og strikke. Det som ble laga, ble så gitt til foreningsauksjonen. Dessuten var det andakt på hvert foreningsmøte, enten av en omreisende emisær/misjonær eller ved en av medlemmene. Og det ble lest fra Norsk Misjonstidende — for interessen for det arbeidet som foregikk på misjonsmarken var stor.

Du nevnte foreningsauksjon — kan du fortelle litt om den?

Den hadde vi hver høst, på lørdag etter bededag. Her var det auksjon på det vi hadde laga i foreninga, og det var strikkevarer som folk trengte. I tillegg var det utlodning, og det ble solgt lodd før og under foreningsauksjonen. Dette var større gaver som for det meste var gitt, og ofte var hovedgevinsten et ullteppe. Dette foregikk for det meste på skola, før vi fikk bedehuset, og hele grenda møtte opp. En misjonær eller emisær var og holdt andakt. Og pengene — ja de gikk til Misjonsselskapet.

Misjonsarbeidet i grenda besto ikke bare av kvinneforeninger? Dere hadde også **samling** – kan du fortelle litt om den?

Samling kalte vi husmøtene. Der gikk alle sammen til felles oppbyggelse. Samlinger hadde vi hver gang en misjonær eller emisær kom til grenda for å forkynne Guds ord. Og her møtte både unge og gamle. Det var nå litt vanskelig å ha med små barn, men når de kom i skolealder, var de store nok til å sitte i ro. På samlingene hadde vi både sang, andakt og frie vitnes, byrd, og misjonæren fortalte fra livet på misjonsmarkene. Ofte var det flere samlinger etter hverandre. Den gang hadde vi ikke telefon, men sendte samlingsbud i stedet. Det var ofte en gutt eller ei jente som gikk rundt i grenda for å foretelle at det skulle være samling.

Nå har du fylt 86 år, men er fortsatt med i misjonsarbeidet?

Ja, jeg er medlem av kvinneforeninga den dag i dag.Nå ser jeg ikke og kan ikke strikke til foreningsauksjonen, men i stedet kan jeg være med å gi penger til misjonsarbeidet.

Noe som har betydd mye for deg i misjonsarbeidet opp gjennom tida?

Ja et salmvers vil jeg nevne:

*Hitinntil Herren har hjelpet*
*så vel,*
*Inntil i dag, til i dag.*
*Sørget så trofast for*
*legem og sjel*
*Inntil i dag til i dag.*
*Skjønt jeg har syndet i stort*
*og i smått,*
*Jeg dog fra Herren har*
*alt godt.*
*Han har bevist meg sin kjærlighet blott.*
*Inntil i dag, til i-dag.*

Orkel — et kvalitetsprodukt
Maskiner og redskaper for landbruket



JOH. GJØNNES A/S
MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI
7320 Fannrem - Tlf. 82 375

God jul!

# En såmann gikk ut for å så

**Av Jon Johnsen**

Gåtefullt er livet. Forvirrende rikt. Fortvilende fattig kan det være. Et spill av krefter, en kamp mellom muligheter og umuligheter. Tilsynelatende så til feldig og rotet. Men i alt rotet og bak det virker evige lover. Omsatt i menneskelige ord lyder en av dem: Det et menneske sår, skal det også høste. Ordtaket sier det samme: Som du roper i skogen får du svar. Her skimter vi en grunnlov i tilværelsen. Livet ligner en åker. Det vi sier og gjør og tenker er såkorn. Den gjorte gjerning glipper oss av hånden, ordet flyr fra munnen, tanken i hodet er på gjennomreise.

Men det er ikke borte. Alt har sin virkning, kommer igjen på en eller annen måte. Det vi lar senke seg i våre hjertes jord vil bære sin frukt. Det vi senker i andre hjertes jord vil ha sin virkning. Såkorn er smått. Slik er også livets såkorn. De små tingene. Dem vi er herre over. Det er ikke vanskelig med den lille vennligheten, eller den lille ærligheten. Smått og lett er det. Og vi glemmer at det er såkorn vi holder i hånden. I en liten og enkel situasjon velger jeg vennlighet istedenfor surhet. Det koster bare en liten kamp. Men dette lille valget er et såkorn. Det blir i meg og følger med og har stemmerett ved neste valg i mitt liv. Blir tungen på vektskålen så jeg også neste gang velger vennligheten.

**Her er også en lov som gjelder i livets aker. Jesus uttrykker det slik: Den som er tro i smått, er også tru i stort. Og den som er utro i smått er også utro i stort.** Slik er altså livet: den store seier er summen av de mange små. Den store svikt kommer som et resultat av de mange små.

Og dette gjelder også de andre. Den jevne småvennlighet bygger opp den store trivsel og trygghet på kontoret. De mange små drypp av kjærlig oppmuntring bygger det trygge livsmotet hos barna som vokser opp ved vår side.

En såmann gikk ut for å så. Det er ikke en parabel fra Østerland og gamle dager. Det er mitt liv i dag. Enten jeg vil eller ikke, er dagens tanker, ord og gjerninger, såkorn som faller i jorden, og bære sin frukt i sin tid.

Derfor er livets høyeste visdom valg av såkorn. Her er det rikeste utvalg av ugressfrø med uhyggelig spirekraft. Så meget er det også påtrengende virker det, at vi kan fristes til å tro at livets hovedoppgave er å kjempe mot ugresset.

Det er det ikke. Det er å så den gode sæd. Fyller den akeren, blir det liten plass til ugresset. Hva er den gode sæd? Svaret er oss gitt i Boken hvor all visdom finnes: **»Nu blir de stående disse tre: Tro, håp og kjærlighet. Og størst blant dem er kjærligheten«.**

La disse frø falle i hjertets jord. Gi dem til de andre. Et lite smil kan gi et menneske håp. En håndsrekning kan gi dem tro. Et glimt av forståelse og medfølelse kan smelte et frosset sinn. Tro, håp og kjerlighet. Eier vi denne skatt av såkorn er vi aldri rådløse. Eier vi dem ikke, kan intet erstatte dem.

Hvor finner vi dette såkorn? Hos Mesteren fra Nasaret, Menneskesønnen. Hvem er han? Han er den Eviges innerste tanke, Guds kjærlighet, ikledt kjød og blod, ikledt menneskelighet. Gud ville ikke nøye seg med å rope til sin syndige og lidende barneflokk at nu måtte de ta seg sammen og være snille. Han ville være solidarisk med dem i deres strid og møye, ett med dem i skyld og i den vanskelige død. Guds tanke med oss ble kjød og tok bolig iblant oss, ble vårt medmenneske for å møte oss der vi er og slik vi er, på vår bølgelengde. Forat vi skulle bli ett med ham, løses ut av selvsykens fengsel og nå den evige glede. Derfor ble han født i en stall og lagt i en krybbe forat han skulle møte oss i den stall som heter den kristne kirke, la seg finne i den krybbe som heter den hellige skrift. Så ett med oss ble han at han er i det fattige såkorn av tro, håp og kjærlighet som vi prøver å så.

Alt han er og alt han gir oss tenner et veldig juletre som skinner over vårt vårt liv og forvisser oss om at det nytter med den sode sæd!

*En fattig sæd med sukk vi sår*
*vår dag er kort, vår aker hård.*
*Men komme skal de med evig trøst*
*et jubelår, en gylden høst.*

*Ja, Herre vår, en julefest*
*hvor hver saktmodig er til gjest*
*en nyttårsdag med seir og fred*
*for hver som tro mot mørket stred.*

Et dokument fra den tid Thamshavnbanen skulle bygges:

**EXPROPRIATONSSTEVNING.**

*Med hjemmel af kronprinsregentens koncession af 1ste Marts 1904 og jernbaneloven af 12te August 1848 paragraf 1 agtes for jernbaneanlægget Thamshavn – Svorkmo expriationer afholdt paa følgende eiendomme:*

*Præstegaarden: gr.nr.32 br.nr.1*
*Sognepræsten.*

*Thi stevnes ovennævnte gaardeiere, andre ineresserede og samtidig? for hvem denne stevning bliver forkyndt til at møde til tid og sted som herpaategnet af sorenskriveren i Orkedalen bliver berammet i overenstemmelse med jernbanelovens paragraf 8 for at se expropriatiensforretningerne fremmet, og i tilfælde det fornødiges – se forligsmægling anstillet.*

Thamshavn, den 19de August 1907
Chr. Salvesen & Chr. Thams's
Communications aktieselskab
Chr. Thams (sign)

*Berammes til foretagelse Mandag den 2den September førstk. kl. 11 1/2 formiddag og flg. dage. Rettes sættes i Orkedals Sparebanks lokale.*
*Orkedalens Sorenskriverkontor, den 19 August 1907.*
*Otto Nielsen (sign)*



Eit gamalt bilete frå reisinga av Orkdal kyrkje i 1892 -93. Vi vil svært gjerne få høyra om nokon veit kven som er med på biletet. Det vil ha historisk verdi. Send prosten nokre ord om du kjenner att ein eller fleire.





**PRESTEKONTORET**
**Kommunesentret**
**Bårdshaug**
Tlf. 80 000
Kontortid:
tirsdag - fredag 10 - 14

Godt utvalg i dagligvarer.
Gaveting for små og store.
K- og rikstilbud.
Vel møtt i butikk og telefon.
**Erik Leland A.s**
Tlf. 82 280



Eit bilete frå kyrkja – slik vi helst vil ho skal sjå ut ved juletider. Biletet er tatt av Gunnar Ustad.

# VELKOMEN TIL KYRKJA

*3. s. i advent 13.12*
MOE k. kl. 20. »Vi syng jula inn». Kollekt til menighetsarb.

GEITASTRAND k. kl. 20.
Lysmesse v/ kalls.kap. Slettahjell. Buss fra Råbygda.

*4. s. i advent 20.12*
ORKDAL K. kl. 11.
Familiegudstj. v/prost Rogstad.
»Vi syng jula inn».
Orkdal damekor medvirker. Offer til barneverńsakademiet »dronning Mauds minne».

ORKANGER kl. 18.
Familiegudstj. v/kalls.ka. Slettahjell.
»Vi syng jula inn». Offer til menigh. arb.

MONSET forsamlingshus kl. 11.
Gudstj. møte v. res.kap. Aasen.

*Juleaftan*
ORKDAL SJUKE– OG ALDERSH. kl. 14 – juleandakt v/res.kap. Aasen.

ORKANGER ALDERSHEIM kl. 13 – juleandakt v/kalls.kap. Slettahjell.

ORKDAL SAN.F. SJUKEH. kl 1715. Juleandakt v/prost Rogstad.

ORKDAL K. kl 16. Barnegudstj. v/ prost Rogstad.

ORKANGER K. kl. 16. Barneguds-tj. v/kalls.kap. Slettahjell.

MOE K. kl. 16. Barnegudstj. v/res.kap. Aasen Offer til barnearb.

*Juledag 25.12.*
ORKDAL K. kl.11. Høgtidsgudstj. v/ prost Rogstad. Orkdal mannskor syng. Offer til Det norske misjonsselskap.

ORKANGER K. kl. 11. Høgtidsgudstj. v/kalls.kap. Slettahjell. Offer til Det Norske misjonsselskap.

MOE K. kl. 11. Høgtidsgudstj. v/res. kap. Aasen. Offer til Det norske misjonsselskap.

GEITASTRAND K. kl. 15. Høgtids-gudstj. v/res.kap. Aasen. Gjølme Blanda-kor syng. Offer til Det norske misjons-selskap. Buss fra Råbygda.

ORKDAL K. kl. 20. Kyrkjekonsert.

*Nyttårsaftan 31.12.*
MOE K. kl. 20. Kveldsmesse v/res. kap Aasen. Skriftemål.

ORKANGER K. kl.1930. Kirkekonsert ved Orkanger Musikkorps. Andakt ved kalls.kap. Slettahjell.

*Nyttårsdag*
ORKDAL K. kl. 11. Høgmesse v/ kalls.kap. Slettahjell. Offer til Den norske sjømannsmisjon.

ORKANGER K. kl. 11. Høgmesse v/res.kap. Aasen. Offer til Den norske sjømannsmisjon.

GEITASTRAND K. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til den n. sjøm.m.

*Kr. Åpenbaringsdag 3.1.*
ORKANGER ALDERSHEIM kl. 11. Gudstj. møte v/prost Rogstad.

*1. s. e. Kr. Åpenbaringsdag. 10.1.*
GEITASTRAND kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Nattverd. Offer til Menighetsarbeidet. Buss fra Husdalen.

MOE K. kl. 11. Eldres kirkedag v/ res.kap. Aasen. Nattverd.

ORKDAL ALDERSHEIM. Gudstj. møte v/kalls.kap Slettahjell.

*2. s. e. Kr. Åpenbaringsdag. 17.1.*
ORKDAL K. kl. 11. Høgmesse ved kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Trøndelag Søndagsskolekrets.

ORKANGER K. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

HELGAVAKT
11–12.12: Rogstad
19–20.12: Slettahjell
24–25.12: Aasen
26–27.12: Rogstad
31.12 – 1.1: Slettahjell
2–3.1: Rogstad
9–10.1: Aasen
16–17.1: Slettahjell

Jeg er så glad hver julekveld,
For da ble Jesus født;
Da lyste stjernen som en sol,
Og engler sang så søtt.

Jeg er så glad hver julekveld
Da synger vi hans pris;
Da åpner han for alle små
Sitt søte paradis.



**SNØFRESERE**
Priser fra kr. 2.820,—
**SALG OG SERVICE**
**Einar Nøsen & Co.**
Tlf. 82 197 — FANNREM

*Orkanger Ur og Optikk*
Verner Svensson
7300 ORKANGER
Telefon (074) 80 195

**SKOTØY**
for hele familien.
**Ingv. Solbu eftf.**
Orkedalsveien 71
7300 Orkanger